

Fagleg 1.mai front (FFF) for tilsette ved Universitetet, NHH og Samskipnaden er skipa.

Innbyding til allmannamöte den 21.4. kl. 1615 i kantina, HF.

I etterkrigstida har DNA og LO-leiinga freista å nedleggje 1.mai som kampdag, og har måsbrukt dagen til å propagandere for klassesarbeidet sitt. Ikkje noko tyder på at dette blir annleis i år. DNA og SV går saman om å bruke 1.mai som ein lekk i kommunevalkampen sin. Ein hovudparole for Samorg. toget er "Bergen by - arbeiderstyrt på ny". Dette er så ukamouflert valflesk at medlemsmöte i SV har kritisert han kvasst, men trass i den galne parolen, oppmodar dei folk til å gå i toget. Det er grovt at SV som kallar seg eit marxistisk parti, kan slutte seg til eit slikt tog. Kva slags sosialisme er dette? Det er gamalkjend sosialdemokratisk tilsløringspolitikk, og såleis ikkje ein type "sosialisme" arbeidarklassen har trong for! Marsjen mot høgre går med stadig snøggare steg. Alt i alt set dette opplegget snevre grenser for kva parolar ein får lov å bære i toget, og her er heller ingen reservasjonsrett.

Mot dette stiller FFF kamplina som grunnlag. FFF er heller ikkje noko partitog. Det skal ikkje framheve det eine partiet som gjevare enn det andre. Politisk er innhaldet i FFF fastlagt gjennom hovudparolane. Toget stiller parolar som står for ei sameining av dagskrav og internasjonal solidaritet, og for einskap mot imperialisme og supermaktene USA og Sovjet. I motsetnad til kva som gjeld for den andre mönstringa kan organisasjonar og personar slutte seg til ein av hovudparolane, og reservere seg mot parolar dei ikkje har teke stilling til. FFF skil seg også skarpt frå den andre mönstringa ved at folk sjølve kan reise krava sine i toget.

For tilsette i Samskipnaden vil ein særleg understreke: FFF-toget er den einaste mönstringa som tillet både å stille krav om statsstönad osv., og peike ut at det er DNA-regjeringa som i dag hindrar at desse krava kan gå gjennom!

Situasjonen framføre 1.mai i år er merkt med økonomisk krise. Ikkje berre i primærnæringane og hermetikkindustrien. Også på Universitetet, NHH og i Samskipnaden ser vi at naudsynte pengemidlar vert dregne bort frå oss, til spekulasjonar i oljeverksemda. Dette syner at også vi har konkrete kampkrav å stille.

Lokalkomite av FFF for tilsette ved Universitetet, NHH og Samskipnaden vart skipa 4. april. Mötet, som var ope for alle interesserte, valde eit arbeidsutval til å leie det vidare arbeidet fram til 1. mai.

Medlemer av arbeidsutvalet er m.a. :

Åge Steinset, Psykologisk Institutt,	lokaltelef. nr. 2337
Inger Johnsen, Universitetsbiblioteket,	" " 2516
Jos Jostein Mykletun, Etno-folkloristisk Inst.	" " 2624
Aslak Thorsen, AV-avdelinga	" " 2117

Arbeidet til no har gått ut på å drörte lokale parolar. Desse ser förebels slik ut:

- 1) Vi krev at staten byggjer ut daginstitusjonar ved Universitetet og NHH.
- 2) Vi krev at Universitetet og NHH må få reelle höve til deltids-tilsetjing i alle stillingskategoriar.
- 3) Nei til oppdragsforskning for kapitalen - forskning for folket.
- 4) Forsvar arbeidstilhöva for tilsette ved Universitetet og høgskular. - Nei til reduserte löyvingar.
- 5) Forsvar 210 arbeidsplassar: Staten må stö drifta i Samskipnaden.

Arbeidet med desse parolane og eventuelle andre, må halde fram. FFF oppmodar tilsette i alle stillingskategoriar ved Universitetet, NHH og Samskipnaden til å gå med i dette arbeidet. Ta kontakt med arbeidsutvalet og/eller kom på neste allmannamöte den 21.4. kl 1615 i kantina på HF !

Sakliste for mötet:

- 1) Kort orientering om utviklinga av arbeidet til no.
- 2) Vedtak av lokale parolar
- 3) Dröfting av mobiliseringstiltak i det vidare arbeidet
- 4) Eventuelt

Helsing frå arbeidsutvalet.